



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd

Dato: 28. januar 2026

Stad: Lavik kyrkjekontor

Tilstades:

Toril Lange, Katrin Borlaug Ringereide, Torunn Styve, Maria Zimmermann Espeseth, Eldrun Nordal, Regine Borlaug Pettersen, Inger Cecilie Fitje, Bjørn Harald Nybø.

Ord til opning v/ Katrin. Dikt: Å vera i livet.

Godkjenning av innkalling, referat frå 26.november og sakliste.

Meldingssaker:

01/26 Sidan sist

- **Lysmesse 30. november:** Fjorårskonfirmantane og andre ungdommar deltok aktivt i gudstenesta. Oppmøte: 45 stk.
- **Familiegudsteneste 24. desember:** Det var julespel, musikkinnslag og god stemning med song og bevegelser for store og små. Oppmøte: 74 stk.
- **Familiegudsteneste 18. januar:** Denne gudstenesta var i forbindelse med Tårnagent-samlinga. Bønne-vandring gjorde til at det vart ei engasjerande og aktiv gudsteneste for dei minste. Oppmøte: 18 stk.
- **Salmekveld 4. desember:** Inger Cecilie fortalte ei forteljing, medlemmar av Fjordbrass deltok musikalsk. Fin, roleg stund i førjulstida. Oppmøte: 42 stk.
- **Myldresamling 21. januar:** Myldresamling for barnehageborn. Det var Jesus-forteljing, rollespel, legobygging og kvelds saman til slutt. Oppmøte: 4 stk.
- **Konfirmasjonsleir 23. 25. januar:** Felles for Høyanger og Hyllestad, der det kom tilsaman 43 konfirmantar. Det var på Alværa.

Anna sidan sist:

Jon Martin Skaug har sendt ein forespørsel, der han fortel at han har hatt stor suksess med kyrkje-turnè der han reiser rundt i kyrkjene og framfører eigne låtar frå karrieren sin. Kan Lavik kyrkje kan vere ein aktuell stad for han?

Vi snakkar om at det kanskje hadde passa best på ein kvardag.

Torunn får i oppdrag å kontakte han og kartlegge kva dag han kan komme, oppgåvefordeling mellom han og oss og kva han ser føre seg når det gjeld billettsal og oppmøte.

Dette er avklara etter møtet:

Jon Martin Skauge er positiv, og ønsker å komme onsdag 29. april klokka 19.00. Han tek sjølv ansvar for plakat og billettsal. Vi skal heller hjelpe han med marknadsføring lokalt.

02/26 Årsmelding 2025

Kva synest vi fungere?

- Mat og Prat og tacokveld på Alværa er suksess.
- At ungdom som har flytta vekk kjem tilbake og deltek i aktivitetane vi har.
- Vi synest vi er blitt gode på å treffe med aktivitetar for folk i alle aldre, og at vi har fleire aktivitetar for heile familiar. Mange av aktivitetane har blitt eit godt samlingspunkt for folk i bygda.
- Har hatt eit godt oppmøte på dei aktivitetane vi har hatt.

Kva kan vi bli betre på?

- Kanskje vi kunne variert litt i tidpunkt på Myldresamlingane for å gjere det enklare for dei som har lang reiseveg? Då går det an å starte med mat/middag, før vidare opplegg.
- Halde fram med å utfordre andre enn kun oss i soknerådet både som kyrkjevert og matlaging i forbindelse med Mat og Prat, tacokveld osv.

Vedtakssaker:

01/26 Gudstenester vinter/vår

- **15. februar klokka 11.00:** Maria er enten kyrkjevert sjølv, eller finn eit alternativ.
- **8. mars klokka 11.00:** Eldrun er kyrkjevert.
- **5. april 1. påskedag klokka 11.00:** Regine er kyrkjevert og det blir kyrkjekaffi.
- **14. mai Konfirmasjonsgudsteneste:** Snakkar om denne neste gong.
- **Friluftsgudsteneste:** Kanskje 7. juni er ein aktuell dato? Snakkar vidare om denne neste gong. Konglerike-cupen er den 14. juni i år.

02/26 Aktivitetar – vinter/vår 2026 fordeling av oppgåver

- **Mat og Prat:** Jan Erik Søreide kan stille, og Geir Sørebo er med. Det vert den 12. februar. Regine lagar plakat. Oppgåvefordeling og matlaging vert planlagt nærmare i Messenger-gruppa vår.
- **Taco-kveld:** Torsdag 26. februar på Alværa.
- **Årsfest og årsmøte:** onsdag 25. mars på Alværa. Basar der inntekta går til Fasteaksjonen. Vi skal snakke vidare om denne på neste møte.
- **Fasteaksjonen 22.- 24.mars:** Katrin og Toril møtes for å snakke vidare om dette.
- **Familiesamling eller noko liknande 29. mars :** Regine og Toril møtes for å snakke vidare om dette. Natursti?

03/26 Ny revisor

Soknerådet har spurt og fått bekrefta at Jan Erik Søreide vil vere revisor for oss framover.

Ymse:

- Bårevogn. I nokre tilfeller kan det bli aktuelt med bårevogn i Lavik i forbindelse med gravferd. Er dette ei Fellesråd-sak? Toril skal undersøke dette nærmare.
- Salmebøker med større skrift – Toril bestiller 10 stk.
- Inger Cecilie orienterar om nettsida <<Kyrkja vår>> og <<Det skjer i kyrkja>>.
- Vi tenker at vi kanskje kan overlevere blomster og invitasjon til Helgemessa til dei som har mista nokon det aktuelle året. Kanskje det er større sjanse for at dei kjem på Helgemessa når dei får ein personleg invitasjon.

Neste soknerådsmøte: Onsdag 4. mars klokka 17.00.

Skrivar

Regine Borlaug Pettersen